



Møteprotokoll

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Gjendesheim, Vågå

Dato: 13.06.2022

Tidspunkt: 11:00 - 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Marit Sletten	Nestleder	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Turi Elise Kaus	Medlem	IFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marianne Bugge	Ivar Kvalen	LUSTER

Merknader:

Verken fast eller vararepresentant frå Årdal kunne møte

Verken fast eller vararepresentant frå Vestland kunne møte fysisk, men Trude Brosvik kunne delta digitalt via Teams

Verken fast eller vararepresentant frå Luster kunne møte fysisk, men Marianne Bugge kunne delta digitalt via Teams

Andre frammøtte:

Namn
Eldrid Nedrelo
Kari Sveen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

Marit Sletten (sign.)

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 24/2022	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 25/2022	Referatsaker		
RS	Kopi av byggesøknad til Lom kommune - gjetarbu ved Gjendetunga		2020/3707
RS	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til å frafalle vedtak om tvangsmulkt - statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene		2021/1167
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Ulovleg dronefilming i Hurrungane - Melding til politiet om brot på verneforskrifta	X	2022/4260
RS	Kartlegging og verdivurdering av biologisk mangfold og utarbeiding av plan for skjøtsel - Haustingsskog ved Hjellegaldane i Utladalen - Signert kontrakt - Biofokus	X	2020/11229
RS	20/326-10 Offentleg høyring - Planprogram kommunedelplan naturmangfold, Vang kommune, Innlandet		2022/3575
RS	Uttale til høyring - Jotunheimen NP - Besseggen som nasjonal turiststi - Besøksstrategi		2022/2755
RS	Melding om vedtak - Jotunheimen NP - endring av detaljplan for miljø og landskap - Memurubu Kraftverk		2018/618
RS	Vedtak fra Lom kommune - Opprusting og utviding av Memurubu kraftverk - Endra detaljplan		2018/618
ST 26/2022	Delegerte vedtak		
10/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - oppsetting av lavvoer vest for Gjende - 040722 - 070722 - Stiftelsen Phoenix Haga		2022/4560
11/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - vedlikehold av båtnaust ved Langvatnet - Langvatnet Båtlag A/L		2022/3438
12/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av ved til Kyrkjevatnet - Norsk Folkehjelp Årdal		2022/4184
13/2022	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av ved - Norsk Folkehjelp Årdal		2022/3840
14/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2022 - Snøskuter - Transport av skiltstativ til naturstig Krossbu-Bøverbrean - Norsk Fjellsenter		2022/5294
15/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - transport av		2022/5784

	bevegelseshemmet person i gruppe til Glitterheim - DNT v/ Asle Nistad	
16/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2022 - Helikopter - Uttransport av framsmelta skrot ved Styggebrean - Juvasshytta og Lom fjellstyre	2022/5321
17/2022	Delegert vedtak - Tillatelse - Utladalen landskapsvernområde - 2022 - Motorferdsel - Transport av materialer og utstyr på Vettisvegen - DNT Oslo og Omegn	2020/9121
18/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport til gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS	2020/3707
19/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - 2022 - Bruk av helikopter for transport av materiale og utstyr - Storeselet og Nye Fjøsene på Vettismorki	2020/9121
20/2022	Delegert vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2022 - Bruk av helikopter for transport av søppel etter opprydding på Fannaråken - DNT Oslo og Omegn	2022/3667
21/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Drone - 2022 - målinger på breer i samarbeid med NVE - SINTEF	2022/4068
22/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Riving av eksisterende- og oppføring av ny utede - Fannaråken turishytte - DNT Oslo og Omegn	2019/8199
23/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-2026 - Helikoptertransport for drift av Pigghytta - Juvasshytta Turishytte AS	2022/5552
ST 27/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark - Norsk Fjellsenter	2022/4859
ST 28/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Gravearbeid for utskifting av røyr i dreneringsgrøft mot tunet på Glitterheim - DNT Oslo og Omegn	2022/5719
ST 29/2022	Eventuelt	

ST 24/2022 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2022

Behandling

Vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Det vart gløymt å velja nokon til å skrive under protokollen saman med styreleiar, så ein set nestleiar i styret, Marit Sletten, opp som underskrivar saman med Leif Solemsli.

ST 25/2022 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2022

Behandling

RS-11/22 Orientering angående referatsak - Gjetarbu ved Gjendetunga:

Oppsynsrapport viste eit mindre avvik på grunnflate. Dette skuldast misforståing knytt til utrekningsmetode. Han som teikna gjetarbua hadde operert med innvendige mål (BRA) 15 m². For naturoppsynet er det berre utvendig mål (BYA) som kan kontrollerast i felt. Mistydinga oppstod som følgje av at tiltaket vart vurdert som tiltak unnateke søknadsplikt av Lom kommune, sidan arealet berre kunne vera inntil 15 m². Både forvaltninga og kommunen la til grunn at gjennomføring ville skje innan rammer for unntaket for søknadsplikt - jf. *Tiltak som er unntatt fra byggesaksbehandling etter Byggesaksforskriften (SAK10) – jf. § 4.1 c*). Dette unntaket omfattar «*Frittliggende byggverk som er knyttet til drift av jordbruks, skogbruks- eller reindriftsområder, og som verken har et samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) på over 15 m². Bygningen kan oppføres i én etasje og kan ikke underbygges med kjeller.*»

Ein eventuell reaksjon kunne vore bruk av overtredelsesgebyr, men forvaltar vil ikkje tilrå dette ut frå følgjande grunngjeving:

1. Vi burde vore tydelegare på å kommunisere at arealet var knytt til BYA.
2. Bygget som er oppført får ikkje annan visuell innverknad på landskapsbiletet enn det som var godkjent. Ein må ha måleband for å sjå at bygget vart litt for stort.
3. Saka har lært oss kor viktig det er med eintydig kommunikasjon når det gjeld mål på bygg. Frå forvaltninga må ein operere med eininga BYA, da utvendig mål er det som oppsynet kan kontrollere i felt.

Nasjonalparkstyret sluttar seg til denne vurderinga, og forvaltar sender eit skriv til tiltakshavar og Lom kommune med orientering om konklusjon i saka.

RS-16/22 Besøksstrategi Besseggen - Orientering om innkomne uttaler og vidare oppfølging

Innkomne uttaler har ei generelt positiv haldning til å søkje autorisasjon. Strategien blir oppdatert i tråd med innspela når det gjeld betre synleggjering av lokal bruk og ivaretaking av lokale interesser.

Ordførar frå Vågå orienterte om behandlinga i kommunen når det gjaldt punktet om eit øvre tak på besøkstalet. Innspelet var meint i retning av å følgje utviklinga, og eventuelt revidere strategien dersom besøkstalet kjem opp på eit nivå som tilseier endringar i besøksstrategi.

Utsiktspunkt Vettisfossen - orientering om status v/ Eldrid Nedrelo

Prosjektet er i rute, og ein har vald tilbydar og fått tilsegn om tilleggsmidlar frå Miljødirektoratet..

Varsel om saksbehandlingstid i Årdal kommune blir teke opp med kommunen.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast utan godkjend byggesak.

Det vart vidare svara på spørsmål og orientert om dei andre referatsakene.

Vedtak

Referatsakene vart etter gjennomgang og diskusjon tekne til orientering.

ST 26/2022 Delegerede vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2022

Behandling

Vedtak

Delegerede vedtak vart tekne til orientering

ST 27/2022 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark - Norsk Fjellsenter

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tilrår at Norsk Fjellsenter blir re-autorisert som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark.

Norsk fjellmuseum/Norsk Fjellsenter har vore autorisert nasjonalparksenter i 25 år, og har vore forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar frå 2012 / 2014. Det er etablert eit godt samarbeid mellom besøkssenteret og nasjonalparkforvaltninga, og forvaltningsknutepunktet har eit breitt kompetansemiljø som stadig er i utvikling. Senteret oppfyller godt krav som er sett i Miljødirektoratet sine retningslinjer for besøkssentra.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2022

Behandling

Vedtak

Som innstillinga

ST 28/2022 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Gravearbeid for utskifting av røyr i dreneringsgrøft mot tunet på Glitterheim - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, dispensasjon for gravearbeid i samband med dreneringstiltak ved Glitterheim Turisthytte.

Følgjande vilkår gjeld for alle gravearbeida:

- Det blir gjeve løyve til utskifting av gamle røyr og etablering av ei ny lukka grøft med dreneringsrøyr over ei strekning på inntil 40 meter ved innkøyringa til tunet. Det skal leggjast vekt på ein naturleg overgang mot det opne bekkesiget på begge sider av den lukka grøfta. Endane på dreneringsrøyr skal steinsetjast med naturstein, slik at det ikkje blir liggande synleg i dagen.
- All graving skal utførast mest mogleg skånsamt, og terrenget må setjast i stand etter utført arbeid. Eventuell overskottsmasse og stein som blir teke opp av grøfta kan plasserast i søkk i terrenget nær vegen, og setjast i stand for mest mogleg naturleg preg på overflata.
- Der det er overflatemasse med vegetasjon skal dette laget skrapast av og leggjast til side, og nyttast som toppdekke for revegetering på areal utanom flatene som i dag er opparbeidd veg og tunareal med grusoverflate.
- Det skal ikkje såast til med tilført frø, jf. forbodet i verneforskrifta § 3 pkt.2.1.

Dispensasjon for motorferdsel i samband med utføring av gravearbeid blir gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 i verneforskrifta.

Avgrensa bruk av motoriserte hjelpemiddel på dette opparbeiddet området blir ikkje vurdert å vera i strid med verneformål eller gå ut over verneverdiane. Løyvet omfattar transport av gravemaskin eller anna eigna utstyr på strekninga frå bommen til Glitterheim, og bruk av motoriserte hjelpemiddel i samband med graving av grøft og istandsetting av terrenget..

Tiltakshavar har ansvar for innhenting av løyve etter motorferdsellova når det gjeld gravearbeida dersom Lom kommune vurderer at det krevst eiga behandling for desse tiltaka.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaka.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2022

Behandling

Vedtak

Som innstillinga.

ST 29/2022 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2022

Behandling

Vedtak

Det var ikkje saker til behandling under eventuelt.

Tid for førebuing vart i samråd med styreleiar sett til 1-2 timar.

Kvar enkelt vurderer refusjon for godtgjersle i tråd med den tida dei har brukt på møteførebuing